

Kvitekrist

i møte med heidenskap

ODD DUBLAND

Foreord frå Norea Mediemisjon

I 1024 vart Kristenretten vedteken på Moster. Kristenretten representerer ei samling av reglar ein måtte følgja for å leva eit kristent liv. Dette var ei brytningstid mellom heidenskapet, der makta og dei mektige styrte land og folk. I den gamle læra hadde enkeltindividet liten verdi. Det var slekta som var viktig og retten var knytta til makta. Med kristenretten kom omsorga for dei svakaste, og erkjenninga av at kvar og ein var skapt i Guds bilete.

Odd Dubland har skriva eit mektig epos om desse brytningane mellom den gamle og den nye tid. Her møter me trælen Tore som opplever at Viva, dotter hans, blir valdteken av ein stormann og øydelagd for livet. I dramatikken skjer det forunderlege ting der det vonde og forferdelege blir vendt til noko useieleg godt til slutt.

Eposet har tidlegare vorte utgitt på CD og i bokform. Forfattaren, Odd Dubland, har også lese det inn i eit TV-program som er å finna på Norea sin YouTube-kanal. Dette vesle heftet er eit opptrykk i samband med 1000-års-feiringa for kristenretten i landet vårt.

«Du sende ditt Ord til Noregs fjell, og ljøs over landet strøymde» (Elias Blix)

Kjelde: moster2024.no/kristenretten



Fjellandskap.

Eposet om Tore og Viva

I 2003, ved 100 års jubileet for Dirdal Kyrkje, vart eg beden om å skriva ein prolog. Eg fann lite å skriva om, men eg byrja å tenkja på kva kristninga av Noreg kom til å bety når det galdt synet på menneskeverd. I vikingtida var omlag fjerdeparten av folket vårt i slavekår. Kva kom kristendomen til å bety for desse minste i samfunnet? Prologen vart seinare til eit epos i tre bolkar. Den fyrste vart framført i kyrkja.

Eg ser for meg ein slik træl. Eg har kalla han Tore. Han bur i ein dal ved ein fjord på Vestlandet. Hendingane er lagt til ca. år 1000 etter Kristus, på Erling Sjalgson si tid. Personane er ikkje historiske, men har historiske parallellar.

Forklaring på nokre ord:

«Kvitekrist» - Kristus,

«Frille», - elskarinne,

«Kove» - lite kammers.

BOLK 1

Epøset om Tore og Viva

Trælen Tore hadde ei dotter så ven.
Ho var i sitt sekstande år
og vakker som ein vår.
Ho miste si mor då ho lita var,
og Tore ville vera ein god far.
Ho var for far sin eit ljøs i den mørke natt.
Ja, ho var hans kjæraste skatt.

Så kom ein stormann til dalen
Han var glad i sin mjød og både vilter og galen.
Tore prøvde å gøyma Viva på låven,
men stormannen drog henne med makt inn i koven.
Han skjemde henne ut for resten av hennar liv,
og trakka henne ned som eit sundbrote siv.
Sidan måtte ho fylgja som mannen si frille,
til dess han slengde ho frå seg som ei utbrukt fille.
Og barnet ho fekk til skogen vart bore.
Ja, slik kunne dei fara åt, desse store.
Og barnet låg tungt på Viva sitt minne.
Ho vart alvorleg sjuk på sinnet.
Ho sat helst heime hjå far sin, han Tore,
og stirde tomt framfor seg på krakken ved bordet.

Han Tore gret i den svarte natt,
og hjarta hans fyltest av eit botnlaust hat.
Han knytte i avmakt mot himmelen si hand,
men han visste han var ein hjelpelaus mann.
Han var bunden i simple trælekår,
og der måtte han vera i alle år.
Dei hadde ingen rett og vart rekna som kveg.

Difor gjekk han alltid med tunge steg.
Og borna dei fekk vart fødd inn i den same trælestand.

2.
Nådde du dei førti, var du ein eldgamal mann.
Du kunne kjøpast og veljast.
Du kunne straffast og seljast.
Dei kunne ta livet ditt med,
utan at nokon stod til rette for det.
Og får du det ofte høyra at du ingenting kan,
så trur du til slutt at du er ein stakkarsleg mann.

Men Tore eit underleg rykte fekk høyra.
Ei merkeleg sak kom han for øyra.
Ein stormann på Sola hadde gjort eit merkeleg val.

Han heitte Erling, og var sonen til Sjalg.
Han Erling var kjent for å halda sitt ord.
Han hadde gitt trælane fri, og gjeve dei jord.
Nå hadde dei vorte frie menn,
med eigen åker der kornet stend.
Men når ein rundt i landet vankar,
så er det få av dei store som har slike tankar.

Men det som vart sagt om Erling sist:
«Han har bøygt seg for Kvitekrist.»
Og om Kvitekrist er sagt underlege ting.
Han skal vera ven med den som er liten og ring.
Han gjev sin Ande til dei minste og små.
Sjolv den barnlause trælkvinna sin verdi skal få.
Sjolv dåren som inkje skjønar,
hjå Gud hans rose blømer.

Så var det endå ein underleg sak.
Sundagen skal vera ein kviledag.
Og lova om dette gjeld store og små.

Hesten og ploegen i ro skal stå.
Ingen skal driva sitt vanlege vyrke,
og dei som vil kan gå til kross eller kyrkje.
Ein dag å kvila seg på!
Det er noko nytt når Kvittekrist rår.

Så var det den svære sak.
Ja, Tore mintes den svarte dag
då dei kom og greip barnet til Viva.
Det hende før barnet hadde fått eit namn,
og dei bar det til skogs som åte for rev og ramn.
Tore mintes ennå det vesle krek,
korleis barnet gret.
Ja, slik var den heidenske skikk.
Å, ja, det var mykje av slikt.

3.

Men nå er Kvittekrist komen med så nytt eit bod.
Ja, det kjem frå den store himmelens Gud.
Han som vil alle menneske vel:
«Du skal ikkje slå i hel!»
Det gjeld det minste siv.
Ja, også det ufødde liv!

Men når ein skal sjå på det som hende
og korleis ting seg vende,
så gjekk det ikkje alltid fort.
Dei gode krefter kom ofte til kort.
Og ljuset var lite og svakt,
og Kvittekrist tyktes å ha lite makt.
Og kyrkja fór ikkje alltid fram med dyd.
Den velsigna både sverd og spyd.
Vi har alle høyrte om ein svær kar
som heitte Sigurd Jorsalfar.
Han etterlet seg blod og brann,
like ned til Jødeland.

Dei let seg prega av verdsens skikk,
og var dei andre lik.

Likevel, det var kome noko nytt til landet.
Men det tok tid å løysast or heidningebandet.
Den striden står vi ennå i,
og den vil vara heile vår tid.

Dei mørke makter står alltid på lur.
Dei vil eiga rommet der Kristus bur.
Også i dag er det slike som hatar Guds rike.
Ennå lyder ropet frå gamal tid:
«Bort med denne, gi oss Barabbas fri!»
«Bort med han i skule og politikk!»
«La oss bli Bibelen sine lover kvitt!»
«La oss dyrka gull og sølv.
La småborna koma til seg sjølv.»

Eg ropar til min Gud, han som allting ser:
«Herre forlat dei, dei veit ikkje kva dei gjer!»

Attende til Tore og Viva.
Det gjekk fleire år i trælekår.
Tore og Viva sat inne i stova,
og nordavinden blæs kaldt kringom nova.
Han Tore var nå ein krokut og utsleten mann,
og Viva sat taus og borte frå samling og sans.

4.

Det minka farleg på mjølet i tunna
så svelten var ikkje langt unna.
Men kven bryr seg om ein træl, om han svelte i hel?
Tore sat der full av sut,
utan von og utan Gud.
Då det brått på døra banka.
Kven er det nå som er ute og vankar?

Ein eldre mann og ein liten gut kom fram,
og Tore bad dei inn om dei var ukjende for han.
«Kven er de, og kva er det de vil?»
Og mannen svara: «Vi har ferdast nokre mil.
Vi har gått på mange dører, og spurt oss føre.
Vi leitar etter ei kvinne som vi vonar vi skal finna.
Ja , kanskje det er ho som ved bordet sit?»
Men Tore sukka: «Ho er nok utan vit.»
Men mannen svara: «Eg trur det er ho.
Folk har sagt at det her ho bur.»
Men Tore svara: «Kva vil du med henne då.
Du kan ikkje ta henne herifrå?»
Då såg den framande alvorleg på Tore.
Det bivra om munnen då han atter tok ordet.
«For fem år sidan fór eg gjennom dalen her.
Det regna og bles, og var så surt eit ver.
Eg skulle ut fjorden med ein båt,
då eg frå skogen høyrde barnegråt.
Der fann eg ein gutesvein som låg og grein.
Eg tok barnet med og berga det.
Det var mi kristenplikt å gjera slikt.
Det var i siste liten eg han fann,
eg høyrde nemleg ulveglam.
Det er veslekaren som her står
Han er nå fem-seks år».

Då brått ho Viva som opp av ein dvale vakna
Det var som om noko i henne dagna.
Det var som vetet brått kom attende.
Ho skjøna kva som hende.
Det var som ei guddoms lækjande hand
løyste eit trældomsband.
Det var som den kalde ånda til Odin og Tor
ut gjennom døra fór.
Ho stirde på guten igjen og igjen,
der ho brått sat med sine fulle fem.

Det kom eit ljøs i det mørke sinn,
Ho kviskra om att og om att: «Kjære vesle guten min.»
Ho klemde han varmt inntil seg medan ho hikstegret:
«Å, så stor du har vorte,
og eg som trudde du var død og borte».

5.
Og mannen sa til Tore,
der han sat mållaus ved bordet.
«Eg har kjøpt dykk fri frå dykkar trælestand.
Frå i dag er du ein fri mann.
Men ein ting skal du veta for visst.
Den vesle guten er døypt til Jesus Krist.
Vi er og slike som vil høyra til i hans rike.
Eg er nå ein gammal mann,
og er snart på grava si rand.
Mi kone har eg mist, sidan vi for her sist.
Men guten som vi kallar Vesletor,
han treng ei mor.
Eg har eit hus på garden min.
Der kan de flytja inn.
Der er betre kår for dei som er gamle av år».

Tore og Viva sat som i ein kjensleflaum.
Er det berre ein vakker draum?
Nei, det er røyndom det som hender,
Det er Gud som det vonde vender.
Han styrer ikkje med sverd og brann,
Men med kjærleiken i Jesu Kristi namn.

Epilog.
Det gjekk mot vår det neste år.
Sola skein over den grønne eng.
Tore låg i si sjukeseng.
Dei visste det bar mot slutten.
Men Tore ville sei litt til vesleguten.

Han trekte han varmt inntil seg.
«Det er ikkje så mykje eg kan læra deg,
men 'Vesletor, Vesletor, merk deg mine ord:
Vær alltid god med di mor!」
Då Viva lukka hans augo i hans siste blund,
var det mest som ei høgtidsstund.
For alt han i livet hadde mist,
fekk han att i Jesus Krist.
I dag vår Frelsar seier til deg:
«*Det du gjorde mot mine minste, gjorde du mot meg*».



Stille bekk. 70x60 cm.

BOLK 2

Om Vesletor

Vi møter han att då han er 19 år

Nokre ordforklaringar:

«Frilleson» - son til elskarinne.

«Bakskoten» - bak i båten.

«Mjølner» - avguden Tor sin hammar.

«Odins Sleipner» - avguden Odin sin hest som hadde åtte føter.

«Farsott» - pest.

«Bel» - tidsrom.

«Hærbunad» - krigsklede og rustning.

«Hostei og Kjør» - holmar utanfor Sola.

«Kvitingsøy» - gamalt namn på Kvitsøy.

«Me» - merke på land som sjøfolk navigerte etter.

Vesletor vaks seg til, og vart ein stor kar.

Frå utstøytt frilleson, til eigar av ein stor gard.

Han var i sitt nittande år og sat i gode kår.

Men alle var ikkje like fredsame som han.

Dei likte seg best med våpen i hand.

Mange la ut på ei store ferd.

Mot vest, til ei anna verd.

Der var dei frykta, forresten, og rekna for den store pesten.

Mang ein som fór i viking kom heim att som ein riking.

Dei røvde gods og gull i framandt land, som dei tok med våpen i hand

Andre kom heim med blodig panne, og måtte stella sår og skramme.

Andre kom ikkje heim i det heile tatt.

I kampen vart dei liggjande att.

I England, Irland og Normandi var det ei forferdeleg tid.

Ved fjorden der han Vesletor budde,

der han dyrka og rudde,

Der egla og eggja dei på han:

«Du må fara ut og visa deg som ein mann!

I krig kan du vinna rikdom og æra

og etterpå ein stor mann vera.»

Men Vesletor minnest bestefar sine ord: «Ver alltid god mot di mor.»

Han visste at i Skrifta var det sagt: «Det var forbode å misbruka makt.»

Men ein dag vart det uro i bygda.

«Dei kjem heim!» vart det ropt ifrå gard og til hytte.

Og inn fjorden kom skip etter skip,

med segla spente i blesten-

Med folk som var stolte under vesten.

Dei hadde fare mot Britanniakysten.

2.

Der fekk dei utløp for krigarlysta.

I bakskoten på ein båt ein flokk med fangar låg,

Det var både vaksen og ung med utsikt til ein lagnad så tung.

Blant dei var ei halvaksen jente.

Ho frykta for kva som var i vente.

Ho heldt omkring bror sin, ein mindre gut.

Dei såg begge vetskremte ut.

På land stod Tordulf, ein mektig kar og flirte:

«Den jenta skal eg ha, men broren kan andre ta.»

Då sprang Vesletor fram,

og stilte seg mellom jenta og den store mann.

«Du rører ikkje henne, for Jesu Kristi skuld!

Du kan ikkje kjøpa ei sjel med gull.

Eg veit du har makt og er rik,

men rører du jenta, får du gå over mitt lik.»

Han handla i ørske, han Vesletor,

men han tenkte på si eiga mor.

Korleis Viva vart øydelagt

av den kjenslelause mannfolkemakt.

Då kvitna Tordulf i sinne.
Nei, her skulle han vinna!
Han ville ikkje fira
og trekte sverdet ut av slira.
Men i ein umerkt augneblink
Vesletor handla lynkjapt og svint.
Han reiv sverdet ut av Tordulf si hand,
og la han i bakken, den store mann.

Han pirka med sverdet på mannen sin hals.
«Du må ikkje tru at folk er til sals.
Nå kunne eg tatt livet av deg, din usling.
Du rekna visst med at eg var ein pusling
når eg ikkje i viking fór,
men heller ville ta meg av mi mor.
Men eg vil ingen drapsmann vera.
Det held ikkje eg for noko æra.
Eg ber ikkje sverd for meg sjølv å verja,
men nå var det andre eg måtte berga.
Hadde eg ikkje trudd på Kvitekryst,
hadde du nå livet mist.»
Og Vesletor som til slavekår var boren,
slengde sverdet i fjorden.

3.

Tordulf luska seg bort som den slagne mann.
Nå bar han på den største skam.
Å verta felt av ein frilleson frå slavekår
ville folk drøsa om i alle år.
Og Vesletor visste det nok.
Han hadde ein farleg fiende fått.
For Tordulf som ein orm han kvæste,
og mot Vesletor han fræste:
«Eg svær ved Mjølner, Tors hammar og Odins Sleipner:

Du skal ikkje verta gamal før du i dauden bleiknar.»
Han skulle snautt unna seg svevn før han hadde fått hemn.

Men folk flest tala rosande ord.
Dei fekk age for Vesletor.
Men kor han var, i skog eller hytte
han ofte over aksla si glytte.

Men mor hans, ho Viva, tok jenta og guten heim
og stelte så godt ho kunne for dei.
Ho prøvde å trøysta, men visste det lell,
dei gret seg i svevnen kvar einaste kveld.
Ho fekk deira soge. Den var ikkje god.
Om grusomme ting, om brann og om blod.
Ho heitte Maria, og han heitte John.
Det var frå Skottland dei kom.

Vesletor gjekk og grunna på ein plan,
men visste ikkje korleis det kunne gå an.
Han hadde slik medynk med dei to.
Han åtte verken rast eller ro.

Men då våren kom med sol over li og eng,
Viva hamna i sjukeseng.
Men før ho døydde ho kviskra til sin son:
«Ta deg av Maria og John.»
Ho vart ikkje hauglagt på heidningars vis,
med drikking og turing, med rop og med skrik.
Ho stille vart senka i den svarte jord.
Ein prest las frå Skrifta dei heilage ord.
Ho vart gravlagt med andletet vendt mot aust
Der Kristus skal koma og henta sin haust.
Ved sida av grava til Tore, Viva sin far,
fekk ho kvila i von om Guds rike sin dag.

4.

I Skottland.

Ved Skottlands kyst, sør for Isle of Sky,
ein sommardag i slutten av mai.

Ei kvinne utanfor huset sitt står.

Ho er om lag førti år.

Namnet hennar er Ruth.

Ho ber på den tyngste sut.

Ja, sorga er så useieleg hard.

Ho var mor til fire, nå ho ingen har.

Dei to eldste vart lagt i kiste.

Då farsotta kom ho begge miste.

Og mannen vart ikkje gamal han.

Han vart slegen i hel av ein vikingmann.

Men det verste var med Maria og John,
som vart røvde frå heimen i fjor ein gong.

Ho har inga aning om kor dei er,
men dei vart dregne avstad av ei vikinghær.

Kanskje dei er i Normannaland, dit ho aldri koma kan.

Ho stirer i lengt ut i havet mot nord,

Der folka framleis trur på Odin og Tor.

Ho syrgjer og gret både dag og natt til ho ikkje har tårer att.

Ho spør i si naud: «Kor er Herren si makt
når vondskapen rår og viser si kraft?»

Sist vinter, det lange bel,

då svalt ho mest i hel.

Men ho kunne ingen klandre,

Det var lite og hjå dei andre.

Eit langskip

Men der på ein odde på Skottlands kyst,

ei juli-natt før det var skikkeleg lyst,

dei tende ein varde som lyste opp,

og snart brann det frå kvar haug og topp.

Eit varsel om krig og angrep frå nord,

dei visste så vel kva som hende i fjor.

Nå skulle dei væpna seg godt,

så ingen fekk slå til, uventa og brått.

Og hundrepar augo stira og såg,

mot nord uti havet dei oppdaga ein båt.

Jau, det var den sorten dei frykta mest,

og var for dei alle den svartaste pest.

Eit av dei farlege langskip det var,

Mot Isle of Sky kursen bar.

5

Men det var noko underleg her.

Ikkje hærrop og blinkande sverd.

Og folka om bord, dei var få,

Fem, seks mann utan hærbunad på.

Ein mann der i stemnen stod opp,

og begge hender han lyfte opp.

Det var som eit talande hint,

der han stod som ein levande blink.

Då skipet la til innmed land

vart det omringa av hundre mann.

Men mannen ropa med all si kraft:

«Slå meg ikkje med sverdet ned.

Vi kjem med fred».

Då vart det ropt i frå land.

«La alle i skipet koma fram!»

På ein knaus over stod Ruth, denne fattige kvinne,

som bar på slike forferdelege minne.

Ho skalv i angst for slike skip,

då ho brått sette i eit skrik.

Og alle kunne høyra gråten der ho kjempa seg ned mot båten.

Ho ropa høgt: «Maria og John. Å kom, å kom!»

Dei svara i båten i kor:

«Mor, å mor!»

Dei heldt om kvarandre alle tre,

medan dei i styrlaus glede gret.
Og mannen i stemnen om bord,
det var Vesletor.

Han sa til folka som stod der i kring,
dei samla seg om han i ein ring:
«Vi må attende frå der vi kom,
og det helst med ein einaste gong.
Båten har eg leigd og mannskapet med.
Eg pantsette garden for å få til det.
Men fyrst vil eg sjå kor dei bur.
Dit er det berre ein liten tur.»

Men då han kom inn i Ruth si hytte
vart han ståande mest forknytt.
Han vart med eitt så tung og sturen,
ja, han angra mest på heile turen.
For større naud hadde han aldri sett,
ho hadde mest ingenting rett og slett.
Han kjende på ei stor skam.
Her hadde hans eige folk fare fram.
Han gjekk ut av hytta åleine ei stund
og turka vekk tårer gong etter gong.
Han ville berre hjelpa,
men her kom dei til å svelta.
Han fekk seg ikkje til å tru
at her skulle Maria og John bu.

Utfør Jærens rev ein seinsommardag,
eit langskip for i kuling og kav.
Utfør Hostei og Kjør vart kursen lagt mot aust og litt sør.
Dei skimta Kvitingsøy, babord i le,
der steinkrossen står som eit me`.
I dagar hadde dei segla mot aust og nord.
Nå fór dei inn Haffursfjord.
Dei var heime i eiga bygd, og her var farvatnet trygt.

Men mannskapet stod ved masta ei stund,
der seglet var flerra og rive i sund.
Dei takka sin Gud for hans nåde og makt,
dei hadde hatt englevakt.
Så gjekk dei i land.
Dei siste tre vart hjelpt i land av Vesletor.
Det var Maria og John, saman med mor!

Epilog.
Å bøta på skade som andre har gjort
er eit arbeid uendeleg stort.
Som dropen i havet, eit vindpust i siv,
mot urett å kjempa, ja ofra sitt liv.
Mange vil seia: «Det går ikkje det.»
Men Vesletor sa: «Det var godt for dei tre.»

I dag får vi minnast Jesu Kristi ord
som han sa då han gjekk her på jord.
I dag vil han seia det same til deg:
«Det du gjorde mot mine minste,
det gjorde du mot meg!»

Bolk to blei skriven i april 2006.
Odd Dubland



Månafossen.

BOLK 3

Tordulf

Tordulf heitte ein stormann som budde nord på Jadarlandet. Det var han som vart så audmjuka då han ville forgripa seg på ei ungjente som heitte Maria. Det var trælesonen Vesletor som våpenlaus berga jenta frå Tordulf, og la han i bakken og kunne teke livet hans dersom han ville. Tordulf svor hemn ved Tor sin Mjølner og Odins Sleipner at han skulle ta livet av Vesletor så snart som råd. Tordulf var ein hardhaus til mann både i kropp og sjel. Mest alle var redde han.

Tordulf hadde problem med svevnen.
Heile tida tenkte han på hemnen.
Han var blitt ein ærelaus mann,
og bar på ei stor skam.
Han følte at alle på han stirde,
og attom gluggen alle av han flirde.
Der mannens ære er størst av alt,
Må alle tap hemnast til alt er betalt.
Sjolv om det kosta liv og blodige sår,
slik var sed og skikk i tusen år.
Men å eggja Vesletor til kamp,
og det mann mot mann,
og så på valplassen møta,
der den eine måtte med livet bøta.
Det nytta ikkje, det, for Vesletor var i si daglege ferd,
ein fredens mann som ikkje drog sitt sverd.

Tordulf hadde ein træl han kalla Styl.
Trælen var van med å få både slag og pryl.
Han livredd var for sin strenge herre.
Etter kvart vart det verre og verre.

Tordulf let sinnet ut over dei svake gå,
her kunne han hersa, og her kunne han rå.

Ein haustkveld han på Styl han ropa:
«Ta på deg denne kvinnekåpa!
Lur deg i mørket til Vesletor sin gard,
lat ingen sjå deg og ver snar!
Ta dette karet med varme glør,
men vær varsam kor du trør.
I halmen på låven skal du det tøma,
etterpå skal du heimetter røma.
Lyder du meg nå
skal du din fridom få.
Du kan reisa heim til folket ditt,
og vera trælestanden kvitt!»

Han Styl såg inn i ein draum,
det var som ein kjensleflaum.
Tenk, fri frå den vonde stand,
han såg inn i eit fridomsland.
Og trælen, han Styl, forsvann bort frå grenda.
Det vart sagt at han heimover fekk venda.
Men han Styl under torva låg.
Han vart gøymt ein plass der ingen såg.
Han var jo berre ein stakkarsleg træl.
I ein nattetime mørk vart han slegen i hel.
I grenda hadde han inga slekt.
Eit brysam vitne måtte vekk.

Det var midt på natta det tok fyr.
Folk hørde skrik og rop og rauting av kyr:
«Kom dykk ut de som søv i koven!
Det brenn i låven!»
Dei kom seg på tunet ut.
Snart var det fyr i alle hus.
«Er vi her alle?» sa Vesletor.

Men Maria ropa: «Vi finn ikkje ho mor!»
Vesletor var rask som ein vind,
då han fór i huset inn.
Han visste kor mora var,
nå galdt det å vera snar.
Og døra til rommet opp han sparka.
Der han hørde ho hosta og harka.
Med dyne og kvitlar han tulla henne inn,
og bar henne ut gjennom røyk og eld.
Alle var forskræmde og grein,
men som ved eit under var Ruth utan mein.
Men Vesletor var skambrent i andlet og hender,
og augo hans såg ikkje skikkeleg lenger.

Og alt på garden endra seg brått,
der han famla seg fram med stav eller stokk.
Han som var i ungjenters kjensleflaum,
og var deira store kjærleiksdraum.
Han som lettbeint sprang i dei bratte bakkar,
sat vansira og halvblind som ein hjelpelaus stakkar.
Og jenter som dyrka det staute og vene,
snudde han ryggen der han helst sat åleine.
Han mistanken hadde om kven som stod bak.
Å prova det var ei vanskeleg sak.
For han som stod bak kunne tydeleg seia,
at han held seg heime frå heile den greia.

Vesletor ville Kristus vera trugen.
Men nå vart han freista til bittert hat i hugen.
Å elska sin fiende er ikkje lett.
For Vesletor var det uråd, rett og slett.
Han ville vera ei kristensjel.
Det røynde på å ynskja alle vel.
I netter utan svevn,
han grunna på hemn.
Han kjende at hatet reiv i sjel og kropp.

Ja, det var som det ville eta han opp.
Hatet var som ei knytta hand,
som surra han fast med alle slags band.
I si naud han ropa til Gud:
«Å, Herre du må meg fri ut!»

Med garden som ei rykande tomt,
med augo som ikkje lenger kunne sjå seg rundt.
Med sviande smerter i andlet og hender.
Ja, det var underleg korleis livet seg vender.

Men nå kom det vener som hjelpde til
å byggja opp alt som var nedbrent av eld.
Folk sa: «Han er mest høvdingen vår,
sjølv om han er ung av år.
Når september kjem det neste år,
alle hus nybygde står.»

Han Tordulf var ute og reid ein dag,
då han opplevde ei merkeleg sak.
Det var på Sola, ved Haffursfjord
han kom til å høyra underlege ord.
Det var her Erling Sjalgson budde,
og her var træljar som dyrka og rudde.
Det vart sagt at dei jord fekk eiga,
og ikkje berre låna og leiga.
Her var folk samla, ja ein stor hop,
og høyrde på ein prest som les frå ei bok.
Dei var samla rundt ein kross av stein,
det var kvinner og menn, ja til den minste svein.
Tordulf høyrde den klåre røyst,
om synd og om dom, om nåde og trøyst.
Det vart tala om Kvitekrist, den eine Guds Son,
som kom til vår jord og som nå er vår von.
Han har lært oss korleis vi skal leva,
og etter sanning og rettfærd streva.

Det er Kristus som er stor,
ikkje Balder og Frøy, ikkje Odin og Tor.
Om du er fattig eller er blant dei rike,
for Gud er vi alle like.
Om du træl eller stormann er,
skil på folk Gud ikkje gjer.
Han kjenner din tanke i sjel og sinn,
ja, han kjenner kvar minste ting.
Og Han skal du møta på domens dag,
Han kjenner di løynde sak.
For Kristus kan ingen seg gøyma,
om ein sjølv prøver å gløyma.
Då desse orda fall, han Tordulf heiv seg i salen,
og reid bort i ein fart som han var galen.

Tordulf byrja å fæla.
Ein samvits brodd stakk han i sjela.
Med mjød han prøvde å døyva
den angsten som ville han kjøva.
Og Tordulf han byrja å veikna,
i dødsangst hans andlet bleikna.
Og han som eingong var stolt og vakker,
vart nå ein ynkeleg stakkar.
Han som før var brysk og hard,
smaug seg som ein tufs rundt i tun og gard.
Og folk i grenda lurde på:
«Kva er det som går av han nå?»

Han visste at kjem alt i dagen fram,
sit han att i ei ynkeleg skam.
Kva glede har han då av sin store gard,
kva vil borna hans seie om slik ein far?

Han låg til sengs både natt og dag
og tenkte på si svære sak.
Han som var fylt av hat og hemn,

nå var dag og natt utan svevn.
Brått sa han til kona si dei utrulege ord:
«Send bod på Vesletor.»
Ho trudde snautt orda han sa,
men ho gjorde slik han bad.

Vesletor undrast på bodet som kom,
men han sala to hestar og tok med seg han John.
Ved senga til Tordulf han sette seg ned
og spurde forsiktig: «Kva vil du med meg?»
Og Tordulf kviskra: «Eg er komen til livsens kveld,
det brenn i mitt hjarta ein helheims eld.»
Og Tordulf fortalde om presten ved Haffursfjord,
som tala slike mektige ord.
Presten tala med slik ei kraft,
med ei guddommeleg makt.
Om himmel og helvit og den komande dom,
om Kristus som til verda kom.
«Nå må eg vedkjenna at eg er mannen
som stod bak den stygge brannen.
Og også den svære sak:
Eg har utført eit træledrap.
Eg kan ikkje ha det verre.
Eg skjønar at Kristus er den store Herre.
Det er ham som meg til oppgjer kallar
nå når dagen min hallar.
Han skal eg møte på domens dag,
han kjenner mi løynde sak.
Eg som stormann ville vera,
har berre søkt den tome æra».

Vesletor undrast på orda som kom.
Her skjer noko stort.
ja, dette er berre av Herren gjort.
Det er ei av dei heilage stunder
Når Herren gjer eit under.

«Tordulf, bøyg deg for han,
for han er den store Frelsarmann.
Di synd er sletta, på korset vart alt betalt.
Det gjorde Kristus då han sona alt.
Eg er sjølv ein som sårt Guds nåde treng,
for alt det vonde som ved meg heng.
I det er vi alle like,
men Kristus kom for slike.»

Dagen etter kom presten til Tordulf si stova.
Han var bodsendt og han ville koma.
Og Tordulf sa etter presten den kristne vedkjenning,
ja, det var ei sann omvendning.
Og Tordulf vart døypt til Faderen, Sonen og Anden sitt namn.
Dagen etter døydde Tordulf, men han var blitt ein ny mann.

Kan henda du tenkjer: «Kan det gå an
at Tordulf kan hamna i himmelens land?»
Då tenkjer du smått om nåden stor
som vi finn i Herrens ord.
Eg spør deg for Guds åsyn, min ven:
«Treng du mindre av den?»

Epilog.
Han John vart ein dugande kar,
og hjelpte til i tun og gard.
Ja, han vaks seg kraftig og stor,
og var ingen liten bror.

Maria var nå i sitt syttande år,
vakker og ven som den fagre vår.
Og snart kom den tid
då gutar kom for å fri.
Men det hjelpte ikkje kor mykje dei smiska og bukka,
Maria sitt hjarta var låst og lukka.
Ho hadde sett nok av heidenskapets gru,

dei måtte på Kristus tru.
Ho ville ikkje fylgja den heidske sed,
der var i Kristus ho hadde sin fred.
Her måtte det veljast eitt av to,
ei blanding gav inga ro.

Ein kveld sa Ruth til Maria og John:
«Skal vi reisa heim til Skottland frå der vi kom?
Der de gjekk på barneføter
og der vi har våre røter.»
Det vart stille ei stund rundt bordet
før Maria greip ordet.
«Kjære og inderleg gode mor:
Eg reiser aldri frå Vesletor.
Eg er så hjarteglad.
I går han fridde, og eg sa ja.
Han er tolv år eldre enn eg,
du kjenner han liksom godt som meg.
Om han er nesten blind,
så er han likevel min.
Trass merkene han ber,
han har det fagraste andlet eg ser.»

Frå profeten Jesaja til slutt:

«Søk Herren medan han er å finna, kall på han når han er nær! Den urettferdige skal venda seg bort frå sin veg, ugjerningsmannen frå sine tankar, og venda om til Herren, som vil visa miskunn, til vår Gud, for han er rik på tilgjeving.»

Odd Dubland mai 2017.



Kjølvatn. Wake 70x60 cm.

Evangeliet må ikkje stoppa hos oss

Ein gong var det nokon som kom til oss med Ordet om fred, frelse og forsoning. Me var nok rekna som ein utkant og som eit hardt folk å nå inn til. Likevel var det nokon som tok kostnaden med å bringa evangeliet til oss. Så tok det fleire hundre år før nordmennene vart sette i brann for å gje det vidare til nye folk og tungemål. Sjølv om det dei siste 150 åra har vore drive misjonsarbeid ut frå landet vårt, er talet på unådde folkegrupper framleis svimlende stort. I flg Joshua Project er det enno 7000 folkegrupper som ikkje har fått høyra om Han som kjem med fridom og frelse.

Norea Mediemisjon arbeidar for at talet på unådde sakte men sikkert skal gå nedover. Ved hjelp av elektroniske medier, blir evangeliet forkynt dagleg på ulike språk. Millionar ser på kristent TV i Midtausten, radiosendingar når inn til Nord-Korea, mediespelarar gjev von til menneske i avsidesliggjande område i India og sosiale medier kommuniserer med unge menneske i Nord-Afrika. Også i vårt eige land finn me menneske frå unådde folkegrupper. Gjennom mobil-appen Good News medvandrer vil me utrusta nordmenn til å nå sine nye landsmenn med evangeliet om Jesus. Det handlar om å bruka rett verktøy til rett arbeid. Filmmediet er eit verkemiddel som når inn på tvers av kultur og generasjonar. Animasjonsserien Arven etter Adam skildrar Bibelens store forteljing om skapelse, syndefall og gjenoppretting på ein kreativ og fengjande måte som vil nå inn til nye generasjonar på mange ulike språk. Dette er Noreas største satsing gjennom tidene, og vil opna dører inn til nye folkegrupper og inn i nye hjarte.

Les meir på norea.no, gi oss gjerne en gave til arbeidet:

Vipps: 74066

Bank: 3000.63.49494



Eposet om Tore og Viva viser tydeleg dei store endringane som kom i det norske samfunnet då folket lærte Jesus, eller Kvitekrist, å kjenna. Odd Dubland har skrive eposet og malt bilda du kan sjå i dette heftet. Dette er eit utdrag frå kunstboka Kristus i Vikingtid. Du kan finna fleire av maleria til forfattaren på dublandsmalerier.com.



Overskotet av salet frå heftet går til Norea Mediemisjon sitt arbeid med å nå unådde folkegrupper med evangeliet. Norea er ei spesialeining for vanskelege misjonsoppdrag og brukar radio, tv, internet og animasjon for at stadig fleire folkeslag som skal bli sette i fridom.



Ver med oss å setja fleire i fridom:

Les meir på norea.no, gi oss gjerne ei gåve til arbeidet.

Vipps: 74066

Bank: 3000.63.49494